



Høgskulen på Vestlandet

Flerkulturell prosjektpraksis

GK304 PR - prosjektoppgåve

Predefinert informasjon

Startdato:	08-05-2017 13:00	Termin:	2017 VÅR
Slutt dato:	19-05-2017 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinnskala (A-F)
Eksamensform:	PR-Prosjektrapport individuell		
SIS-kode:	GK304 1 PR		
Intern sensor:	Ane Bergersen		

Deltakar

Kandidatnr.: 205



GLOBAL KNOWLEDGE-PROSJEKTOPPGÅVE

Zambiske verdier i eit samfunn i endring

Zambian values in a changing society

Global Knowledge - GK 304

Fleirkulturell prosjektpraksis

Mai 2017

Ord: 7131

205

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*



Høgskulen på Vestlandet

Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen på Vestlandet sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Jeg gir med dette Høgskulen på Vestlandet tillatelse til å publisere oppgaven (Skriv inn tittel) i Brage hvis karakteren A eller B er oppnådd.

Jeg garanterer at jeg er opphavsperson til oppgaven, sammen med eventuelle medforfattere. Opphavsrettslig beskyttet materiale er brukt med skriftlig tillatelse.

Jeg garanterer at oppgaven ikke inneholder materiale som kan stride mot gjeldende norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og navn og sett kryss:

205 Anna Aarhus Engeseth

kandidatnummer og navn

JA NEI

kandidatnummer og navn

JA NEI

kandidatnummer og navn

JA NEI

Samandrag

Denne oppgåva er skriven i samband med “Global Knowledge”- studiet og mitt tre månaders praksisopphald i Zambia. I mitt prosjektarbeid: “Zambiske verdier i eit samfunn i endring”, har eg forsøkt å finne ut kva verdier nokre zambiarar ser som viktige verdier for dei, samt om verdiane har endra seg og korleis. Problemstillinga er:

Kva uttrykker nokre zambiarar som viktige verdier for dei og kva seier dei har endra seg knytt til verdier i det zambiske samfunnet?

Eg intervjuar to menn og ei dame, samt at eg utførte ei spørjeundersøking med elevar på ein zambisk skule, som supplement for oppgåva. Hovudtema frå teorien som eg nyttar for å belyse problemstillinga er kultur, verdsbilete *Ubuntu*, samt tradisjonelle og moderne samfunn.

Avslutningsvis vil eg trekkje dei viktigaste trådane i mål om å sjå heilheit i oppgåva, samt å setje lys på enlighten moglege svar på problemstillinga.

Summary

I wrote this paper connected to the course “Global-Knowledge” and my practical-placement for three months in Zambia. In my project: «Zambian values in a changing society», I have tried to find out which values some Zambians view as important for them and if and how these have changed. The research question is:

What does some Zambians express as important values for them and what do they say has changed connected to values in the Zambian society?

I have interviewed two men and one woman, as well as I executed a survey with students in a Zambian school, as a supply to my paper. Main topics from the theory I use to enlighten the research question are culture, the worldview *Ubuntu* and traditional and modern society.

In conclusion, I will draw the most important points to see entirety in the research as well as enlighten possible answers due to the research question.

Innholdsfortegnelse

1.0 Innleiing.....	4
1.1 Omgrepsavklaring	4
1.2 Oppgåva si oppbygging	5
1.3 Forforståing.....	5
2.0 Teori.....	6
2.1 Verdsbilete.....	6
2.2 Verdsbiletet <i>Ubuntu</i>	7
2.3 Moderniseringas og globaliseringas innverknad på kultur.....	8
2.4 Max Weber: Rasjonalitet.....	8
2.5 Anthony Giddens: Høgmoderne samfunn.....	9
2.6 Menneskerettighetene og barn sine rettigheter.....	10
3.0 Metode og val av metode.....	10
3.1 Pilotstudie.....	11
3.2 Val av informantar.....	11
3.3 Datainnsamling gjennom intervju og spørjeskjema.....	12
3.4 Bebreiding av data frå intervju og spørjeskjema.....	13
3.5 Etske omsyn og feilkjelder.....	13
4.0 Empiri.....	14
4.1 Kvalitativt intervju.....	14
4.1.1 Verdjar.....	14
4.1.2 Endringar i det zambiske samfunnet.....	14
4.2 Kvantitativ spørjeundersøking.....	15
5.0 Drøfting.....	16
5.1 Verdjar i tråd med <i>Ubuntu</i>	16
5.2 Endringar i det zambiske samfunnet.....	17
6.0 Avslutning.....	18
Kjeldelliste.....	20
Vedlegg 1.....	22

1.0 Innleiing

I denne oppgåva har eg valt å skrive om verdiar i zambisk kontekst knytt til det zambiske samfunnet og afrikansk verdsbilete skildra som *Ubuntu*. Bakgrunn for val av tema og problemstilling var at eg ville finne ut kva som er viktig for menneske som lever i Zambia. I mine seks vekers praksis i byen Livingstone i Zambia og tre månaders opphald i Afrika, har eg nytta tida til å bli kjend med kulturen og menneska som bakgrunn for undersøkinga. Eg undra meg allereie dei fyrste dagane om kvifor menneska handla som dei gjer, kva dei trur på og om dette henger saman med teori om tradisjonell afrikansk tru som eg på førehand hadde kunnskap om. Slik starta tankeprosessen rundt problemstillinga og eg enda opp med å byggje oppgåva mi rundt temaet *verdiar*. Dette vart innfallsvinkelen min og kunnskapen eg får frå opphaldet og undersøkinga håpar eg å nytte i praksis som ferdigutdanna barnehagelærer.

Knytt til å gjennomføre ei undersøking i ein anna kultur nemner Øyvind Dahl (2003) fem punkt for å kunne meistre eit "*kulturelt neddykk*". Punkta går ut på at gjennom sjølvinnsikt og innsikt i eigne verdiar, tru og normer opnar muligheita seg for å leve seg inn i andre sine situasjonar og tankar. Ved å stille spørsmål til seg sjølv, som kvifor ein gjer som ein gjer, vil ein kunne lære å kommunisere i ein ny kultur. Ein må leggje vekk eigne meiningar om rett og galt for å kunne leve seg inn i andre sine verdiar, normer og tru, som ein deretter skal finne tilbake til og reflektere over. Ved å forsøke og gjere eit kulturelt neddykk vil eg nytte kunnskapen til forståing for barn som kjem til Noreg med ein annan bakgrunn. Undersøkinga mi kan også nyttast i møte med menneske, gjennom målet mitt som er å få ein forståing for zambiarar sine handlingar, væremåte og verdssyn med fokus retta mot verdiar og korleis desse har endra seg (Dahl, 2003, s. 224-226). På bakgrunn av dette er problemstillinga: "*Kva uttrykker nokre zambiarar som viktige verdiar for dei og kva seier dei har endra seg knytt til verdiar i det zambiske samfunnet?*"

1.1 Omgrepsavklaring

I min problemstilling presenterer eg eit aktuelt omgrep som eg vil forklare som bakgrunn for best mogleg forståing av oppgåva si utforming. Eg nyttar omgrepet i store delar av oppgåva og difor ser eg det som viktig å utforme ein omgrepsforklaring. Samt at eg vil presentere *kultur*-omgrepet, noko eg ser som viktig med mål om å forstå den zambiske kulturen til den grad det er mogleg og i denne samanhengen finne svar på problemstillinga.

Verdiar

Myhre (1990) skildrar omgrepet verdier som: *"Verdier fungerer som grunnlag for våre handlinger, og de tjener til å gi våre overveielser og handlinger en bestemt retning"* (Myhre 1990, s. 27). Verdiane eit menneske tileignar seg har innverknad på eins handlingar og er med å styre eins val. På samfunnsnivå utformar menneske sine tileigna verdier som utgir samfunnet sitt verdigrunnlag, ifylgje Schiefloe (2011). På bakgrunn av dette vil samfunnet oppleve angrep på verdier som angrep på fundamentet til samfunnet, som kan resultere i emosjonelle reaksjonar og motstandsmekanismar. For både samfunn og individ kan det oppstå verdikonfliktar der grunnar kan være auke i økonomisk samarbeid, kommunikasjon, messemediar, utdanning og teknologisk import. Desse endringane kan verke inn på samfunnet sine kulturelle særtrekka og skape motstand hjå medlemmane i samfunnet (Schiefloe, 2011, s. 140).

Kultur

Omgrepet kultur kan definerast på mange måtar. Dahl (2013) omtalar dynamisk kulturforståelse som: *«Med en dynamisk kulturforståelse er ikke kultur noe et menneske har, men noe posisjonerte individer gjør gjeldende i det sosiale spillet overfor andre mennesker»* (Dahl, 2013 s. 42). Denne definisjonen legger vekt på interaksjonen mellom menneske og dei ulike forhold som speler inn, som erfaring, samspel og maktforhold. Forholda og interaksjonen mellom menneske avgjer korleis kulturen veks fram og difor sjåast denne måten å forstå kultur på som dynamisk. Definisjonen legger vekt på at kultur er noko ein gjer, men Dahl understreker at kultur ikkje kan være menneske åleine (Dahl, 2013, s. 42).

1.2 Oppgåva si oppbygging

I denne delen vil eg forklare korleis eg har valt å strukturere oppgåva. Eg har valt å nytte kvalitativt intervju som hovudinnsamling av data og kvantitativ spørjeundersøking som eit supplement, for best mogleg forståing. Eg vil starte med å presentere relevant teori som grunnlag for drøftingdelen. Fylgjande kapittel er metode, der eg presenter metodane og bakgrunn for val av desse. Vidare presenterast den mest relevante empirien, som eg deretter vil drøfte opp mot teorien. Til slutt vil eg syne dei viktigaste trådane i avslutninga, for å svare på kva verdier nokre zambiarar vektlegger og korleis dei uttrykker dei har endra seg.

1.3 Forforståing

I alle undersøkingar har ein på førehand ei meining eller forståing om fenomenet som skal undersøkast, kalla forforståing. Ved bevisstgjerung rundt eigen forforståing, kan ein enklare innhente data til undersøkinga, men ein vil ikkje kunne fjerne den, samt at ein enklare vil kunne avkrefte eller

bekreftede den. For å gå inn i metodane intervju og spørjeundersøking på best mogleg måte skreiv eg på førehand ned mine egne tankar rundt forventata resultat. Slik vart eg bevisst min eigen forforståing som førte til at val av tema vart tydlegare. Min forforståing var at respekt for andre, fellesskap og Gud var dei tre punkta som ville kome fram som viktige verdiar for zambiarar med bakgrunn i kunnskap om filosofien Ubuntu. På bakgrunn av min forforståing såg eg det som viktig å stille opne spørsmål som ikkje leda informantane til spesifikke svar. Målet var å få fram informantane sine egne tankar rundt tema, noko opne spørsmål gir rom for (Dalland, 2012, s. 117-118) (Spurkeland, 2012, s. 84).

2.0 Teori

Teoridelen inneheld den mest relevante teorien knytt til min problemstilling, slik vil eg løfte fram ulike teoriar knytt til problemet som bakgrunn for drøfting. Hovudteoretikarar eg har valt å nytte er Shutte (2001), Mibiti (2015) og Bergersen (2017), for å skildre verdsbiletet *Ubuntu*, som eg ser som sentral for å få innsikt i zambiske verdiar. For å løfte fram samfunnsperspektivet vil eg nytte Weber (1999) og Giddens (1999), som bakgrunn for å kunne drøfte eventuelle endringar som kjem fram i empiri. Kultur i forhold til individ og samfunn er sentralt i oppgåva, der eg vil nytte Dahl (2013).

2.1 Verdsbilete

Ifylgje Mibiti (2015) henger det tradisjonelle trussystemet i Afrika tett saman med menneske sine handlingar og væremåtar. På bakgrunn av at religion uttrykkast i så mange delar av livet, vert det feilaktig å sjå religion som separat. I Afrika er det rundt 1000 folkegrupper eller «*tribes*» med sine ulike religiøse system. Religion i afrikansk tradisjonell kontekst kan sjåast på som det elementet som er viktigast for korleis menneske i Afrika handlar, tenkjer og lever i dag (Mibiti, 2015, s. 1). Knytt til tradisjonell afrikansk tru vel eg å nytte omgrepet *verdsbilete*. Omgrepet er forklarast i Dahl (2013), som seier at på bakgrunn av at kunnskap om: verdiar, normar, historie, religion, verdsbilete, syn på tid og måtar å samhandle på, styrker føresetnaden ein har til å tolke kommunikative handlingar i ein annan kultur. Definisjonen til Charles Kraft skildrar verdsbilete som: «*et sett av meir eller mindre systematiske trosforestillinger og verdier som en gruppe menneske bruker for å vurdere og å gi mening til sine omgivelser*» (Dahl, 2013, s. 240). I møte med andre sitt verdsbilete vert ein kjend med sitt eige verdsbilete, som ein tileignar seg gjennom familie, sosial omgang og omgjevnadane. Kraft seier verdsbilete ligger i kjernen eller hjartet av kultur. Verdsbilete henger saman med religion og dei to kan være vanskelege å skilje. Religiøse oppfatningar og religiøse tradisjonar som ein kanskje ikkje er bevisst på har innverknad på verdsbilete (Dahl, 2013 s. 238-243). Ifylgje Mibiti (2015) sin forskning kan heller ikkje religion og handling sjåast separate i dei afrikanske tradisjonelle samfunn. Menneske sine handlingar avhenger og påverkast av kva dei trur på, samt deira tidlegare livserfaringar. Det er

ikkje vanleg at ei *tribe* byter til ei anna *tribe*, som er menneskegrupper i tradisjonell afrikansk kontekst. Grunnen kan være at religion er ein så stor del av livet at ein måtte fortalt ei heil livshistorie for å «omvende» nokon til sin religion. Kvar *tribe* har sitt religiøse system som inngår i deira liv. Dette kan forklarast med at ein blir født inn i eit religiøst system som ein person utanfor ikkje fullt kan forstå eller konvertere inn i (Bergersen, 2017, s. 101) (Mbiti, 2015, s. 1-5).

2.2 Verdsbiletet *Ubuntu*

Shutte (2001) hevdar at hennar studie understrekar at *Ubuntu* er sentral i all afrikansk kultur. Ifylgje Shutte er *Ubuntu* ein etikk og eit afrikansk livssyn som fylgjast av dei fleste menneske i land sør for Sahara i Afrika. *Ubuntu* er ein måte å sjå verda på og korleis ein skal være ilag med andre menneske. Sett på spissen vil det menneske ser på som verdifullt og det ein vil ofre alt for, vise att i korleis ein lever livet sitt og gjennom eins handlingar. Shutte skildrar *Ubuntu* som ei kraft i menneske sine hjarte. Krafta kan belyse viktige verdiar og verdssyn som har store innverknadar på det ytre i verda. Dersom ein utforskar *Ubuntu* kan ein enklare forstå afrikanske kulturar, fordi ein utforskar kjernen for kva som er viktig for menneska i kulturen. Det kan bidra til ein større forståing for kvifor menneske handlar som dei gjer, samt deira val og meininga bak (Bergersen, 2017, s. 100-101) (Shutte, 2001, s. 6-8).

Den mest fundamentale verdien i *Ubuntu* er knytt til menneskesyn og måten ein behandlar sine medmenneske. Ein skal ha toleranse for framande ved å behandle dei som sin neste, inkludere dei og uttrykke at: "*du er ein av oss*". *Ubuntu*-omgrepet har sitt opphav frå Sør-Afrika og skildrast frå Zuluspråket: "*umuntu ngumuntu ngabantu*" (Shutte, 2001, s.3). Dette tydar at menneske eksisterer og lever gjennom andre menneske, som er fellesskapstenkinga *Ubuntu* byggjer på. Ifylgje Bergersen (2017) er: sympati, respekt, lojalitet, sjenerøsitet, gjestfrihet og tolmod verdiar i tråd med *Ubuntu* som er viktige i relasjonar med andre (Bergersen, 2017, s. 111). Ifylgje Shutte (2001) skapast menneske gjennom å høyre til eit *community* og ein fellesskap. Fellesskapssamfunnet kjenneteiknast av solidaritet og felles forståing og mål om einighet. Individualisme vil derimot hindre menneske i å utvikle seg som unike individ i *eit delt liv*, som tydar eit liv som levast ilag med og for andre menneske (Shutte, 2001, s. 6-9, 23-25) (Bergersen, 2017, s. 100-101).

Dirk J. Louw hevder at filosofiar som *Ubuntu* byggjer på likskap og er ei tru som vil stille sterkare enn fornuft som tankemåte. På bakgrunn av dette kan filosofien føre til undertrykking fordi det er ein kollektivistisk tankegang der lojalitet står høgt. Kollektivismen knytt til kultur kan skildrast som me-kulturar og eg-kulturar. Ifylgje Dahl og Eikvil (2017) vert gruppa og det sosiale nettverket sett som viktigast i kulturar som byggjer på ein kollektivistisk tankegang, i motsetning til individualistiske kulturar som er oppteken av kjernefamilien og individet. Ifylgje Mibiti (2015) har moderniteten ført

til at tradisjonell tru, verdiar og levesett eksisterer i mindre grad, men er alt anna enn utrydda i Afrika. Ein annan grunn er at andre religiøse system vert synlege for dei tradisjonelt truande og nokre vel å konvertere eller endre tru. Sjølv om individ vel kristendom eller islam som religion er ikkje tradisjonell tru i afrikanske samfunn vekke. Det ligger framleis i underbevisstheita og i enkeltindivid sin identitet, familieverdiar og samfunnets normer og verdiar. Ein kan skildre endringane som skjer i Afrika knytt til trussystem som ein oppleving av at religion og moderniteten verker som ein stabilitet, der religion har størst stabilitetskraft (Mibiti, 2015, s. 258-259).

2.3 Moderniseringas og globaliseringas innverknad på kultur

Kultur knytt til samfunn er måten menneske er på, måten dei lever på, samt tradisjonar og språk. Når menneske sine kulturelle verdiar vert moderniserte vil dei ofte oppleve at dei mistar kulturen sin og kan skildre det som *"kulturmord"*. Dersom eit modernisert land skal unngå å miste sin kultur ved å bevare sin tradisjonelle kultur og samstundes ha ein modernisert økonomi, hevder mange at det vil føre til ueinighet og konflikhtar. Difor meiner nokre at løysninga er ein vestlig modernitet, men det er problematisk fordi det kan føre til at befolkninga i u-land føler seg framand i sitt eige samfunn og sine omgjevnader (Schiefløe, 2011, s. 124). Knytt til modernisering nemner Dahl (2013) diskusjonen rundt konsekvensar av globalisering. Den inneheld spørsmålet om globalisering kan føre til at autentiske uttrykk for kultur forsvinner og verdskulturen vert einsarta. Sven Bislev definerer globalisering som at den *«teknologiske, økonomiske, politiske og kulturelle utviklingen påvirker nasjonalstaten, slik at den inngår i større sammenhenger»* (Dahl, 2013, s. 18). Globaliseringsprosessen kan sjåast som overordna territorie og verkjer inn på nasjonalstaten. Vidare hevder Dahl at globaliseringa ikkje har gitt det lokale mindre verdi og kulturuttrykka overlever endringa som fører med globalisering. Men møte med globalisering kan føre til at lokal identitet mobiliserast, ved at menneska markerer særeigenheita sin fordi den truast (Dahl, 2013, s. 18-19).

2.4 Max Weber: Rasjonalitet

Sosiologen Max Weber (1999) legger vekt på at ein må forstå menneske sine intensjonar for å kunne forstå deira handlingar. Difor må ein også forstå menneske sine verdiar og religion, fordi det hengjer saman med bakgrunn for deira meining med handling. For å kunne forstå menneske sine handlingar og korleis dei verkjer inn på samfunnet, peiker Weber på menneske som tenkande, meiningssøkande og i stand til å føle. Denne oppfatninga om menneske som aktørar for meiningsskapande handlingar har innverknad på måten Weber ser samfunnet sine oppgåver. På makronivå, som til dømes institusjonar, religiøse grupper eller organisasjonar avviser Weber omgrep som: *"kollektiv bevissthet"* og *"systemtvang"*. Han meiner at staten, kyrkja eller samfunnet ikkje er i stand til å ha handlande

eigenskapar. Slik grunnleggjer Weber sitt syn på menneske som handlande individ. Ein av mange problemstillingar som Weber arbeidde med var samfunnet i utvikling frå tradisjonelt til moderne samfunn, som han kallar rasjonalisering. Når eit samfunn rasjonaliserast endrast gamle måtar å tenkje og handle på. Rasjonalisering kjenneteiknast som effektiv handling med hensikt, i motsetning til at tradisjon åleine er ein grunn for handling. Slik endrast menneske sine måtar å handle på. Grunnen til at rasjonalisering skjer er ein ny tankemåte som fører til at tankemåtar basert på religion, tradisjon og moral forsvinner (Weber, 1999 s. 12-13).

Knytt til rasjonalitet er kjernen i Max Weber sin sosiologi "*meningsfull sosial handling*". Den som handlar, kalla *aktøren* tolkar miljøet og dei ulike moglegheitene for handling, som skapar ein oppfatning for korleis aktøren handlar. Aktøren utfører ein *sosial* handling dersom han tek omsyn til menneske som vert påverka av handlinga og normene og verdiane i miljøet. Sosial handling tydar at aktørane handlar med omsyn til andre menneske sin forståing og deira forventningar, samt miljøet rundt handlinga. Weber skil mellom fire typar handling. *Tradisjonsbunde handlingar* er handlingar ein gjer automatisk i kvardagen og ikkje tenkjer over konsekvens av, som til dømes å helse på kjente. *Kjenslemessige handlingar* kjenneteiknast og av å skje automatisk i form av reaksjonar som til dømes latter eller angst. Rasjonelle handlingar baserast på fornuft og langsiktig tenking og kan delast i to. Den fyrste er *formålsrasjonell handling* der aktøren har eit klart mål og veier det negative og positive opp mot kvarandre, for å kartleggje konsekvensar ved utfallet eller direkte knytt til handlinga. Den andre er *verdirasjonell handling* som er handlingar som byggjer på til dømes religion eller etiske reglar i samfunnet og vert sett på som gode handlingar, utan omsyn til konsekvens av handlinga. Handlingane vert sett på som rasjonelle fordi dei vert grunna med til dømes teologi, i motsetning til formålsrasjonelle handlingar som vert grunna av til dømes langsiktige mål. Begge typar rasjonell handling har grunnlaget i aktøren sine verdiar. Tradisjonsbunde og kjenslemessige handlingar er typiske trekk i tradisjonelle samfunn (Weber, 1999, s. 10-11).

2.5 Anthony Giddens – Høgmoderne samfunn

Knytt til Webers rasjonalitet vil eg vil løfte fram ein av mange kjente teoriar om samfunnstypar og overgangen frå ein samfunnstype til ein annan, frå Giddens (1991), som skildrar premoderne og moderne samfunn. Giddens skildrar høgmoderne samfunn med trekk som individualisme, val av eigen livsstil og risikoen som fører med, refleksivitet i sjølvidentitet og streben etter det "perfekte". Det vil seie eit samfunn der individ reflekterer over seg sjølv og eigne val, samt samfunn og institusjon. Ein konsekvens av moderniteten er at ekspertar ikkje lengre sjåast som ekspertar og dei som har rett, som resulterer i meir refleksjon og individet må sjølv undersøke alle utfall (Giddens, 1991, s. 28-30,

99). Ifylgje Bergersen (2017) viser funn frå Inglehart og Baker sin undersøking, at verdiane som vektleggjast mest i skandinaviske land er motsetninga til dei som vektleggjast av land sør for Sahara. Dei skandinaviske landa skildrast som sekulær-rasjonelle, medan land sør for Sahara som tradisjonelle. Kulturen i skandinaviske land skildrast med: sjølvrealiseringsverdiar, individualisme og eit verdsbilette prega av effektivitet, rasjonalitet og måloppnåing. Denne typen samfunn indikerer at økonomiske behov er dekkja, som resulterer i at fokuset vert sjølvrealisering av enkeltindivid (Bergersen, 2017, s. 55).

2.6 Menneskerettighetene og barn sine rettigheter

“FNs verdenserklæring om menneskerettigheter” frå 1984 er grunnlaget for menneskerettighetane som alle land i verda har erklært einige i og alle medlemmar i samfunnet skal forsvare og respektere. Menneskerettighetane inneheld det menneske har rett på i notid og er ikkje ein visjon for framtida. På globalt nivå har bevisstheita rundt og respekten for menneskerettighetane aldri har vore større. Men brot på rettighetane skjer i framleis, som fattigdom og diskriminering. Menneskerettighetane er meir spesifisert forankra i fleire konvensjonar, nedfelt i internasjonale lovar (Amnesty International). Ein av dei er: *Convention on the Rights of the Child* som la ut ein rapport i 2016 om observasjonar knytt til barn sine rettigheter i Zambia. Målet med konvensjonen er å samle informasjon for å forvikle den nye grunnloven, samt opplyse om og styrke barns rettigheter. Gjennom punkt 35 og 36 oppfordrar konvensjonen til alternative måtar å disiplinere barn på i alle nivå av samfunnet, som ikkje inneberer nokon form for vald. Mangel på kunnskap om barn sine rettigheter og lite data om barn som opplever omsorgssvikt og vald, vert løfta fram som bekymringsverdig. Samt at sjølv om misbruk og vald mot barn er nedfelt i lovverk, skjer dette framleis, spesielt i familie-settingar (*Convention on the Rights of the Child*, 2016, s. 8).

3.0 Metode og val av metode

Eg vil starte med å grunngi val av metode og deretter gå nærmare inn på metodane eg har valt. Deretter grunngjev eg val av informantar og skildrar pilotstudie, datainnsamling og bebreiding av data. Ifylgje Dalland (2012) må ein starte med å finne ut kva ein vil undersøkje og deretter reflektere over kva metode som passar til problemstillinga. Difor valte eg å nytte kvalitativ metode i form av individuelt intervju som hovudinnsamling av data. Denne metoden val eg for å få fram informanten sine eigne tankar, erfaringar og kjensler med spørsmål som rammer, i form av ein intervjuguide (Vedlegg 1). Kvalitativ forskning kjenneteiknast med fleksibilitet ved at ein arbeider i ein prosess med ulike delar samstundes, som alle verkar inn på kvarandre. Under analyse av data har ein mulighet til å legge til fleire metodar. Metodetriangulering tydar at ein nyttar seg av fleire metodar (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2011, s. 367). Informantane eg intervjuar prata om verdiar som hadde endra

seg frå dei vaks opp, noko som interesserte meg. Difor valte eg å utforme ei kvantitativ spørjeundersøking til ungdom frå praksisskulen eg var i. Eg vil synleggjere mine avgrensingar og val i forkant av, under og i etterkant av metodeprosessane, med hovudfokus på det individuelle intervjuet, for å skape eit korrekt bilete av prosessen og dei involverte. Dette meiner eg vil styrke mine funn, i tillegg ser eg det som styrkande med fleire undersøkingar når konteksten er i ein annan kultur, med formål å forstå menneska og kulturen i Zambia. I det neste kapittelet vil eg gå nærmare inn på metodane eg har nytta: intervju og spørjeundersøking (Dalland, 2012, s. 24, 112-117) (Thaagard, 2009, s. 30) (Jacobsen, 2015, s. 251).

3.1 Pilotstudie

På førehand av intervju utførte eg ein pilotstudie. Hensikta med pilotstudie er å gjere ein forundersøking for å teste intervjuguiden (Vedlegg 1). Slik kan pilotstudien vise om undersøkinga svarar på det ein vil undersøke og ein kan avklare om ein til dømes leder informantene til spesifikke eller feilaktige svar. Eg meiner dette er ein viktig studie når ein skal utføre ei undersøking, i og med at intervjuguiden kan påverke om resultatene vert gyldige, kalla validitet (Jacobsen, 2015, s. 139, 145). I min pilotstudie intervju eg to zambiske damer i 20- og i 40-åra. Dei svarta på mine spørsmål og gav meg moglegheita til å endre formuleringa på spørsmåla når dei ikkje forstod. Pilotstudiet gav meg synspunkt frå to generasjonar som hjalp meg til å endre mine formuleringar, samt utforme nye spørsmål då dei sa temaet var spesielt interessant. Etter det informantene uttrykte verka det som at spørsmåla var enklare å forstå under den andre pilotstudien. I tillegg lærte informantane meg noko om deira kultur. Informantane svarte til tross for at dei ikkje forstod mine spørsmål, dette gjorde meg bevisst på at eg som intervjuar må forsikre meg om at informantene forstår innhaldet i det eg spør om. Difor noterte eg nokre stikkord frå informantane, der dei forklarte med sine ord korleis dei forstod min formulering. Etter pilotstudiet vart eg bevisst på at temaet vart svarta på. Slik nytta eg pilotstudiet til å spisse intervjuguiden mot tema og problemstilling.

3.2 Val av informantar

Informantane til intervju vart strategisk valt, ut ifrå kven eg fekk kontakt med og opplevde eit gjensidig tillitsband til. Dette var eg på førehand bevisst på grunna forkunnskap om at tillit og vennsksbands er viktige zambiske verdiar og mangel på tillit kan skape korte samtalar. Eg hadde også ein tanke om å intervju informantar i ulike aldersgrupper og kjønn, for best mogleg forståing frå menneske med ulike bakgrunn. Eg valde å intervju to zambiske menn og ei dame i alderen 30-45 år. To av informantane var lærarar på sjuande og ellefte trinn, medan den siste informantene arbeidde som hushjelp. Ideelt sett ville eg hatt mange informantar for best mogleg forståing og fleire

synspunkt. I staden valte eg å ha få informantar grunna omfanget av temaet og heller få grundig data frå få informantar, med spørsmål som opna for utgreiing.

I forkant av spørjeundersøking valte eg respondentane strategisk til ein grad, ved å oppgi ynskje om om lag 40 respondentar frå alderen 12-15 år, samt at eg hadde eit ynskje om at elevane skulle være nokså likt fordelt når det kom til kjønn. Samstundes var valet tilfeldig i og med at læraren valte tilfeldig ut elevar ettersom dei var tilgjengelege og samla 20 jenter og 18 gutar. Dette gjorde eg for å få varierte svar frå ei variert og tilfeldig gruppe elevar.

3.3 Datainnsamling gjennom intervju og spørjeskjema

I forkant av undersøkinga nytta eg feltarbeid for å få innblikk i kva som skjer mellom menneske og menneske i samfunnet. Her vert feltarbeid svært viktig for å kunne setje seg inn i den zambiske kulturen som bakgrunn for å gjennomføre ei undersøking og få ein forståing for ein annan kultur. Eg har valt å nytte eit semistrukturert intervju som tydar at intervjuet er basert på ein intervjuguide (Vedlegg 1). Den inneheld opne spørsmål for å få ærlige svar og strukturerte spørsmål slik at dei går an å analysere i etterkant (Dalland, 2012, s. 167). Hensikta med eit forskingsintervju er at ein skal finne ut av noko utover den enkelte informant ved hjelp av ord, setningar og forteljingar. På førehand av intervjua informerte eg informantane om tema og problemstilling for å skape trygghet rundt intervjuet. Eg valte å ikkje levere ut intervjuguiden til informantane for å få mest mogleg ærlige svar og for å unngå planlagde og innøvde svar. For å sikre god kvalitet på samtalen valte eg å møte informantane på ein restaurant som eg visste hadde lite forstyrrelsesmoment, som musikk og underhaldning. For å ikkje skape tidspress sat eg av god tid og forsikra meg om at informanten også hadde tilstrekkeleg tid. Eg klargjorde tema og problemstilling for informanten og fortalde at eg ikkje ville nytte sensitiv informasjon i oppgåva mi, for å skape tillit til meg og undersøkelsen (Jacobsen, 2015, s. 146-147).

Eg valte å nytte eit semistrukturert spørjeskjema som tydar at det inneheld både prestrukturerte spørsmål med svaralternativ og opne spørsmål der respondent kan skrive eigne svar. Det er fordelar og ulemper med begge måtane å stille spørsmål, difor vel eg å nytte eit kombinert spørjeskjema. Her får eg moglegheita til å få tilleggsinformasjon frå opne spørsmål, samt enkle spørsmål å samanlikne i ettertid. Eg las på førehand om tips ved spørsmålsformulering samt at eg gjekk gjennom spørsmåla med ein lærar på andre trinnet, som hjalp til å endre formuleringane mine til den zambiske konteksten og konkret mot aldersgruppa (Johannessen et al., 2011, s. 259-262). Eg starta med å forklare elevane undersøkinga og informerte dei om at den kom til å bli nytta som statistikk utan å oppgi personlege opplysningar og at eg var ute etter ærlige svar. Knytt til dette var eg bevisst på å

understreke at dei skulle skrive alder, ikkje namn.

3.4 Bebreiding av data frå intervju og spørjeskjema

Eg hadde med meg ein medstudent som noterte på data under intervju og som bevisst satt litt unna intervjuobjekt og meg som intervjuar. Dette gav meg moglegheit til å skape ein samtale mellom ein og ein, der eg i tillegg fekk hjelp av ein medstudent til å notere. Slik klarte eg å kommunisere med informanten utan å stoppe opp og eg hadde muligheit til å være ein aktiv lyttar som kunne stille oppfylgningsspørsmål og setje meg inn i temaet. Eg val å notere litt undervegs sjølv for å få med detaljar, kroppsspråk og stemning frå min oppleving av intervjuet. Etter kvart intervju gjekk eg igjennom mine egne og medstudenten sine notat og kombinerte desse. Gjennom dialog med medstudent kunne eg også få eit anna syn på og oppleving frå intervjuet frå ein utanfor samtalen, dette hjalp mykje når eg skulle analysere data i ettertid. Under bebreiding av data frå eit kvalitativt intervju er det ein risiko for at ein flytter fokus over på detaljar og dermed mister oversikten av intervjuet, i tråd med Jacobsen (2015: s. 146-147). Dette var eg bevisst på og difor analyserte eg data ved å forsøke å sitere informantane korrekt og nytta direkte sitat frå intervjuet. På bakgrunn av dette utforma eg nokre hovudspørsmål som bakgrunn for tema og teori for oppgåva. Eg ser dette som ein god metode, i og med at den gir grunnlag for å kunne drøfte teori på bakgrunn av funn.

I tråd med Johannessen (2011) gir kvantitativ metode moglegheit til å samanlikne resultat og finne ulikskapar og likskapar. Difor ser eg det som ein fordel at eg utforma konkrete spørsmål som førte til at eg fekk detaljerte svar som var enkle å samanlikne. Under bebreiding av data skreiv eg ned alle svar på kvart av spørsmåla, deretter hadde eg ei oppteljing av svara for så å analysere kva data eg kunne nytte knytt til tema og problemstilling (Johannessen et al., 2011, s. 259-262).

3.5 Etiske omsyn og feilkjelder

Alle metodiske val inneheld etiske konsekvensar. Difor må ein som forskar ta omsyn til informanten, samstundes som ein fylgjer metodiske retningslinjer. Dette inneberer eit sjølvstendig arbeid der forskaren finner den løysningen det er færrest negative konsekvensar med for undersøking, forskar og informant (Thaagard, 2009, s. 29-30). For å skape ein god oppleving og for informant forsøkte eg å skape tillit, ta omsyn til konteksten og ha nok kunnskap om kulturen, som Dalland (2012) meiner er viktig under gjennomføring av intervju (Dalland, 2012, s. 95-100). Eg nyttar fiktive namn i empiri for å verne om informanten sitt privatliv. Samstundes har informant rett til å bli sitert korrekt, som tydar at data vert presentert presist og riktig utan at informantens mening endrast og tolkast av intervjuar. I forhold til kommunikasjon vil ein aldri kunne fullt forstå andre menneske sine tankar fordi ein alltid vil

tolke ut ifrå sin eigen ståstad. Dahl (2013) skildrar kontekst som det som opptre saman med omgjevnaden. For å kunne forstå det språklege innhaldet av til dømes ein tekst må ein kjenne til konteksten, elles kan innhaldet få feilaktig betydning eller fokus. Døme på kontekst kan være maktforhold. Menneske kan ha ulike syn på same kontekst grunna at dei to partane som kommuniserer har ulik bakgrunn og kultur, som kan føre til at dei har ulik syn på konteksten og dens betydning (Dahl, 2013, s. 97). Difor ser eg dette som ein sentral feilkjelde, i og med at eg er norsk og mine informantar er zambiske som er ein klar kulturskilnad. Ved å gjere feltarbeid og utføre pilotstudie i Zambia har eg eit betre utgangspunkt til å unngå mistolking og kulturelle misforståingar, men eg er bevisst på kulturskilnaden. Eg intervjuar to mannlige lærarar som kan være ein feilkjelde i zambisk kontekst, grunna syn på kjønn og skilnadar i forhold til alder og status. Samstundes føregår intervjuet på engelsk som ikkje er mitt eller informantane sitt morsmål (Jacobsen, 2010, s. 31, 33-37) (Dalland, 2012, s. 117-118, 120).

4.0 Empiri

4.1 Kvalitativt intervju

4.1.1 Verdier

Informant C skildrar eit godt menneske som: *“Det bør være nokon som forstår respekt, kjærleik og å dele”*. Informant B seier: *“Eg er fordi du er”*. Han seier at når ein gjer noko feil får heile gruppa skulda og det kan øydeleggje familien sitt rykte. Difor er familieband viktig og hjelper ein til å handle moralsk korrekt. Han seier at *“empati og ydmykheit har hjelpe meg å eksistere med andre menneske”*. Informant B seier at kjærleik og respekt for andre er det viktigaste og dei to heng saman.

4.1.2 Endringar i det zambiske samfunnet

Informant B seier at det er meir fridom og mindre tradisjon i det zambiske samfunnet i dag. Han seier at det er 40 millionar menneske i Zambia og berre tre byar, som vil seie at folk flest bur på landsbygda i *“villages”*. Han seier at det er ingenting positiv med modernisering og at tradisjonar på landsbygda hjelper å behalde zambisk tradisjonell kultur. Eg nyttar eit tilleggsspørsmål og bed han gi eit døme på noko som har endra seg i det zambiske samfunnet. Han seier: *“Prostituerte vert ikkje lengre sett ned på og kan gå ute blant folk utan motstand og sjikanering, dei vert godteken av samfunnet. Dette er grunna den moderne kulturen som er på veg inn i landet”*.

Når eg spør om kva endringar som har skjedd i det zambiske samfunnet svarar informant A og B seier begge at menneskerettane har ført til endring. Informant B seier at barn har mindre respekt for vaksne grunna menneskerettane. På ei anna side seier han at det er mindre kriminalitet no. Han

nemner eit døme: *"Før slo barn kvarandre utan konsekvensar, dette har endra seg grunna nytt lovverk og menneskerettane. No har dei heller ikkje lov og dei blir straffa"*. Informant C seier at verdiane er dei same no i og med at foreldre framleis lærer barna sine å respektere dei eldre. Ho fortel vidare at dei har endra seg noko grunna moderniteten og seier at oppdragelse av barn er på veg å forsvinne. Ho seier: *"Når eg vaks opp måtte ein respektere dei eldre ved å lytte til dei, dette er på veg å forsvinne"*.

Både informant A og B meiner at zambiarar si tru har endra seg dei siste 100 åra ved at tradisjon er mindre viktig og religion viktigare. Informant A seier at folk bed til Gud i kyrkja og ikkje til forfedre i små hytter, som før. Han meiner det er meir bevis i kristendommen enn forfedre og tradisjonell tru. Han avsluttar med *"Religion er meir ekte og ideelt, tradisjon er basert på myter"*. Informant B seier at moderne kulturar har kome inn og tradisjon er på veg ut. Han nemner eit døme: *"Det er vanskelegare å oppdra barn fordi ein ikkje lengre kan slå dei grunna menneskerettane. Fysisk avstraffelse er ein del av vår kultur og eg meiner det er bra"*. Han seier at *"Kulturen i Zambia er sårbar i og med at fleire ulike kulturar er på veg inn i landet. Det er ingenting positivt med at Zambia vert meir moderne. Kulturen vår forsvinner meir og meir"*.

4.2 Kvantitativ spørjeundersøking

Spørsmålet der tolv verdiar vart lista opp og respondentane skulle velje tre som var viktigast for dei. 29 av 38 svara utdanning. 18 av 38 svara respekt. 18 av 38 svara familie. Verdiane sport, ydmykheit, rikdom og reise vart valt som viktige verdiar av ein elev.

På bakgrunn av teori og erfaring frå det zambiske samfunnet utforma og lista eg opp tolv verdiar. Desse var: respekt, kjærleik, ydmykheit, vennskap, utdanning, familie, rikdom, ærlighet, hjelpsam, godheit, reise og sport i tilfeldig rekkefylgje. Respondentane skulle skrive tre av desse som var viktigast for dei der 29 av 38 svara utdanning som eitt alternativ. 18 av 38 svara respekt og 18 av 38 svara familie som viktigast for dei. Verdiane som vart nedskriven færrast gongar var: sport, ydmykheit, rikdom og reise som vart skriven 1 gong.

Beskriv eit godt menneske med to setningar. Her svara 18 av 38 respondentar at *"å respektere andre menneske"*, *"vise respekt"* og liknande svar der *respekt* vart nytta i alle svara. Felles for samtlege svar var at *"mot andre"* og *"for andre"* vart nytta som del av svaret.

Kva meiner du er ein god ting å døy for? Respondentane svarar med utgangspunkt i tre svaralternativ:

27 av 38 respondentar svarar *Gud*, ein svarar *meg sjølv* og fire svarar *andre menneske*.

Til spørsmålet *Dersom du kjem i trøbbel, kven er den fyrste du ringer?* svarte

28 av 38 respondentar svaralternativet: *min Gud* og 8 av 38 svarte: *mine foreldre*.

5.0 Drøfting

5.1 Verdier i tråd med Ubuntu

På bakgrunn av teori og erfaring frå det zambiske samfunnet lista eg opp tolv verdier. Desse var: respekt, kjærleik, ydmykheit, vennskap, utdanning, familie, rikdom, ærlighet, hjelpsam, godheit, reise og sport, i tilfeldig rekkefylgje. Respondentane skulle skrive tre av desse som var viktigast for dei der 18 av 38 svara respekt og 18 av 38 svara familie som viktigast for dei. Dette kan sjåast i samanheng med Bergersen (2017) og Shutte (2001) som løfter fram at fellesskap og familieverdier er viktige knytt til Ubuntu-verdsbiletet (Shutte, 2001, s. 31). Verdiane som vart nedskrivne færrest gongar var: sport, ydmykheit, rikdom og reise, som vart skriven ein gong. Giddens (1991) skildrar høgmoderne samfunn som individualistisk og fridom til å velje sin eigen livsstil. Dette kan sjåast i samanheng med tre av verdiane som færrest av respondentane valte: sport, rikdom og reise. Dei kan skildrast som individualistiske fordi ein kan seie at dei handlar om individet og eins sjølvrealisering, gjennom å ta eigne val og streben etter det «perfekte», som ifylgje Giddens er trekk i høgmoderne samfunn (Giddens, 1991, s. 28-30, 99). På ei annan side svara 29 av 38 respondentar: *utdanning*, som og kan sjåast i samanheng med Giddens omtale om individualisme. Samstundes det tyde på det Weber (1999) omtalar som ein rasjonell handling som kjenneteiknast av fornuft og langsiktig tenking. Dersom ein viktig verdi for aktøren er utdanning, kan dette være grunnlaget for personens handling i val av utdanning og ynskje om økonomisk stabilitet. Her kan ein sjå samanheng mellom menneske sine handlingar og verdier, ifylgje Weber baserast handlingar på eins verdier (Weber, 1999, s. 10-11). Knytt til spørjeundersøkinga kan ei feilkjelde være at i læraren til respondentane var tilstade under undersøkinga. Ifylgje Dahl (2013) kan konteksten innhaldet si tyding grunna at eg som undersøkar og respondentane har ulik kulturell bakgrunn, som kan føre til ulike syn på same kontekst. Maktforhold er døme på ein kontekst og kan ha verka inn på respondentane sine svar, grunna status til læraren. Samstundes forklarte eg respondentane at det var ein anonym undersøking med mål om å få ærlige svar (Dahl, 2013, s. 97).

Ifylgje Shutte (2001) er den viktigaste verdien i Ubuntu-verdsbiletet måten ein behandlar andre menneske. Informant C skildrar eit godt menneske som: *“Det bør være nokon som forstår respekt, kjærleik og å dele”*. 18 av 38 respondentar svarte på spørjeundersøkinga, med ulike formuleringar:

“Respekt for andre menneske” då dei skulle skildre eit godt menneske. Ein annan fellesnemnar i svara var: “mot andre” eller “for andre”. Dette heng saman med det informant B seier: “Eg er fordi du er”, som samsvarar med Ubuntu-verdsbiletet som Shutte (2001) seier byggjer på at menneske er skapt for å leve saman i fellesskap og eksisterer for kvarandre (Shutte, 2001, s. 31). Knytt til dette løfter Weber (1999) fram sin teori om handlingstypar der handlingar basert på tradisjon og kjensler er typiske trekk i tradisjonelle samfunn. (Weber, 1999, s. 10-11). Informantane sine svar kan sjåast i samanheng med tradisjon, fordi svara stemmer overeins med verdiane som Ubuntu byggjer på, som er afrikansk tradisjonell tru.

5.2 Endringar i det zambiske samfunnet

Når eg spør informantane om verdiane dei vaks opp med har endra seg for dei barna som veks opp i dag, svarar alle at dei har det. Informant B seier: “Kulturen i Zambia er sårbar i og med at fleire ulike kulturar er på veg inn i landet». Informanten seier at det er ingenting positiv med modernisering og at tradisjonar på landsbygda hjelper å behalde zambisk tradisjonell kultur. Dette kan sjåast i samanheng med det Schiefloe (2011) seier om at angrep på eller endring av verdiar opplevast som eit angrep på samfunnet sitt fundament og kan resultere i motstandsmekanismar og streke emosjonelle reaksjonar (Schiefloe, 2011, s. 140). Ifylgje Mibiti (2015) har moderniteten sin innverknad i Afrika ført til at tradisjonell tru, verdiar og levesett eksisterer mindre ved at fleire vel religion, men tradisjonell tru er framleis ein del av kulturen (Mibiti, 2015, s. 258-259). Dette konstaterer informant B då han seier at det er 40 millionar menneske i Zambia og berre tre byar, som vil seie at folk flest bur på landsbygda i “villages”. Her forstår eg at han seier tradisjonell tru framleis eksisterer på landsbygda og er den “herskande” trua i Zambia.

Knytt til tradisjonell tru og religion fortel informant A at no bed folk til Gud i kyrkja og ikkje til forfedre i små hytter, som før. Han meiner det er meir bevis i kristendommen enn forfedre og tradisjonell tru. Dette kan sjåast i samanheng med Mibiti (2015) som seier at moderniteten har ført til at tradisjonell tru, verdiar og levesett eksisterer i mindre grad, men er alt anna enn utrydda i Afrika. Han seier at nokre vel å konvertere til religion framføre tradisjonell tru. Vidare seier informanten: “Religion er meir ekte og ideelt, tradisjon er basert på myter”, som stemmer overeins med det Mibiti seier. Mibiti (2015) omtalar religion som ein stabilitet då mange endrar trussystem i Afrika. Han konstaterer at tradisjonell tru ligger i menneske sin underbevisstheit og i individ sin identitet, familieverdier og samfunnet sine normer og verdiar (Mibiti, 2015, s. 258-259), som kan uttrykkast i samanheng med Ubuntu.

Gjennom eit døme på ei endring i det zambiske samfunnet, fortel informant B at prostituerte ikkje lengre vert sett ned på og vert godteken i samfunnet. Han grunngjev dømet med den moderne kulturen som er på veg inn i Zambia. Knytt til modernisering seier Weber (1999) at gamle måtar å tenkje og handle på endrar seg når eit samfunn rasjonaliserast. Tradisjon vert ikkje lengre ein grunn i seg sjølv, for måten ein handlar. Rasjonalisering fører til nye tankemåtar som fører til at tankemåtar basert på religion, tradisjon og moral forsvinner (Weber, 1999 s. 12-13). Sett i samheng med dømet til informant B kan det tyde på at det ikkje lengre vert sett på som moralsk galt å være synleg prostituert i det zambiske samfunnet. Dette kan tyde på nye tankemåtar som avviker frå det som tradisjonelt har vore sett på som galt eller tabubelagt, som kan tyde på eit samfunn i endring.

Informant A og B seier begge at menneskerettane har ført til endring i samfunnet. *Informant B seier at menneskerettane har ført til at det er vanskelegare å oppdra barn.* Dette kan sjåast i samheng med og konsekvens av modernisering som fylgje av globalisering. Dahl (2013) omtalar at møte med globalisering kan føre til at lokal identitet mobiliserast, ved at menneska markerer særeigenheita sin fordi den truast (Dahl, 2013, s. 18-19). Dette kan sjåast i samheng med at informant B seier: «*Fysisk avstraffelse er ein del av vår kultur og eg meiner det er bra*», som kan være ein måte å markere det som er særeige med den zambiske kulturen. Informant A seier: «*Før slo barn kvarandre utan konsekvensar, dette har endra seg grunna nytt lovverk og menneskerettane. No har dei heller ikkje lov og dei blir straffa*». Utifrå Sven Bislev sin definisjon på globalisering i Dahl (2013), kan endringane informant A nemner sjåast i samheng med ei politisk utvikling og nye lovverk, som verkjer inn på nasjonalstaten (Dahl, 2013, s. 18). Her er menneskerettane og konvensjonen *Convention on the Rights of the Child* (2016) sentrale, som løfter fram bekymringar knytt til manglande kunnskap om barns rettigheter, samt at vald mot barn framleis skjer i det zambiske samfunnet (*Convention on the Rights of the Child*, 2016, s. 8). Informant B seier at det er meir fridom og mindre tradisjon i det zambiske samfunnet i dag. Denne endringa kan være fylgje av globalisering og politisk utvikling i form av nye lovverk som nemnt over.

6.0 Avslutning

Gjennom feltarbeid, tre individuelle intervju og ei spørjeundersøking henta eg inn data knytt til min problemstilling:

“Kva uttrykker nokre zambiarar som viktige verdier for dei og kva seier dei har endra seg knytt til verdier i det zambiske samfunnet?”

Eg lærte mykje under innsamling av data og arbeid med prosjektet. I prosessen reflekterte eg over

teorien opp mot opplevingar i Zambia, med mål om å setje dette i samanheng og i håp om å unngå misforståingar. Forskinga viste at tradisjonelle verdiar i tråd med verdsbiletet Ubuntu, som respekt og fellesskapstenking eksisterer i det zambiske samfunnet. Samstundes uttrykte informantane at samfunnet er i endring noko som stemmer med teori om modernisering og globalisering. I tråd med endringane kom det fram ein oppleving av at kultur og tradisjon forsvinner, samstundes som majoriteten framleis fylgjer verdiar i tråd med tradisjonell tru. Samstundes viste undersøkinga at religion spelar ei stor rolle i det zambiske samfunnet og ikkje kan sjåast separat frå verdiar, tankemåte og handling. Målet med spørjeundersøkinga var å setje lys på kva som er viktige verdiar for generasjonen som veks opp i Zambia i dag. Data viste at modernistiske tankar er på veg inn i samfunnet i form av kva dei uttrykte som viktig for dei, samt at tradisjonelle tankar ligg som grunnlag for mange av deira uttrykk. Det er tydeleg at Zambia er eit samfunn i endring som skapar nye tankemåtar hjå medlemmane i samfunnet, samstundes som informantane uttrykte at dei vil behalde sine kulturelle særtrekk. Gjennom opphaldet i Zambia og arbeid med undersøkinga har eg blitt meir bevisst på mitt eige verdssyn, gjennom å prøve å forstå eit anna.

Kjeldeliste

Amnesty International. *Menneskerettigheter – Hva er menneskerettigheter?* Henta frå https://www.amnesty.no/tema/menneskerettigheter/?gclid=COv_kJeg8NMCFVaJsgodD_UFOA

Bergersen A. (2017). *Global forståelse – Barnehagelæreren som kulturell brobygger*. Bergen: Fagbokforlaget.

Convention on the Rights of the Child. (2016). *Convention on the Rights of the Child*. Henta frå <file:///C:/Users/anna/Downloads/G1605000.pdf>

Dahl Ø. (2013). *Møte mellom mennesker. Innføring i interkulturell kommunikasjon*. Gyldendal Norsk Forlag. Oslo.

Dahl Ø., Eikvil E., (2017 04.03). *Kollektivistiske kulturer. - "Vi"-kulturer*. Henta frå <http://ndla.no/nb/node/78352?fag=2603Ubuntu>

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving* (5. utg.). Oslo: Gyldendal

Jacobsen, D. -I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring - innføring i metode for helse- og sosialfagene*. (2. utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Jacobsen, D. -I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? – Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm.

Johannessen A., Tufte P. A., Christoffersen L. (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Abstrakt forlag. Oslo.

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. (2. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Mbiti John S. *African Religions & Philosophy*. (2015). East African Educational Publishers Ltd. Nairobi.

Myhre, R. (1990) *Pedagogikk og etikk*. Oslo: Gyldendal norsk forlag AS

Schiefloe, P. M. (2011). *Mennesker og samfunn*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Shutte, A (2001): *Ubuntu. An Ethic for a New South Africa*. Cluster Publications.

Taylor Scott D. (2006). *Culture and Customs of Zambia*. Greenwood Press. Westport.

Thaagard T. (2009). *Systematikk og innlevelse – en innføring i kvalitativ metode*. Fagbokforlaget. Bergen.

Weber, M. (1999): *Verdi og handling*. Oversatt av Helge Jordheim. Norsk utgave. Pax Forlag

Vedlegg 1

Intervjuguide

1. What is your name and how old are you?
2. What do you do for a living?
3. How would you describe your childhood?
4. How would you describe a good human being?
5. I have heard that respect is an important Zambian value. Which values are important for you?
6. What did your parents teach you that you have brought to your life as a grownup?
7. Do you think that the values that were important when you grew up are the same today? If no, why and how have these changed?

-Do you think believes in Zambia has changed the last 100 years? If yes, how?
8. What would you die for?
9. What is your religion and why did you choose this religious path?
10. How does your religion impact your life?
11. What is the Governments position in religion and culture?

